



Påskestemning i Botnane i 1955 fotografert av Gjert Myklebust Først i sporet er Tor Myklebust. Bak kjem Buster og Jens Arnesen.

Blogging er in for tida og det er fleire her i bygda som har kome langt i kunsten. Men den trufaste feriegjest Dag Hermansen er den absolutte veteran med sin uttømmende blogg om hyttemiljøet og då særleg Fjellstovo ved Mannsvatnet.

Han rapporterer ikkje berre om det som skjer rundt hytta, enda meir imponerande er det at han har dokumentasjon om kva som gjekk føre seg helt attende på 1950-talet i Uskedalen sitt fjell-eldorado



Kvartett på påske-utflukt i 1954. Frå venstre Tor Myklebust, Alf Eidsvik, Jens Arnesen og Birger Myklebust. Fotograf var Gjert Myklebust

Det kan han gjera fordi han har lagt ut hyttebøkene og vi har kikka litt nærare på påskeskildringane der frå 1950-talet. Signaturen Tor skriv til dømes at dei slett ikkje hadde fjellet for seg sjølve i påska i 1951. Det var folk både i Fjelly og dei andre hyttene og det vart mange visittar og gjensittar. Stemningen tyktes å vera på topp alle stader, kan hende aller mest i Mansbu. Der var det framsyning både av turning og gamal folkeviseleik etter kambemusikk som Anlaug sytte for.

Referenten var ellers raus med rosen i både aust og vest. Vi får veta at føret var bra og at prestasjonane ikkje låg langt etter, i alle fall ikkje dei som dei kvinnelege deltakrane sytte for. Tor meldte også at oppvasken hadde gått unna med liv og lyst, i likheit med matlaginga. Her får det ikkje vera den minste knirk i maskineriet, konstaterte Tor. Frukosten hadde gått unna i ein fart og så gjekk turen rundt Tverrfjell både for øvd og uøvd.

Frå påska i 1953 kjem signaturen Birger med ein grundig rapport om kortspel. Ein Sverre hadde fått både ein fyrsteplass og ein andre plass i spelet Romy og det var like bra som sol og stilt ver for han, skriv Birger.

Av Ola Matti Mathisen



Hytta i dag fotografert av Dag Hermansen